



## Cotswold i England

**Nailsworth Festivalen**  
19. til 26. mai, 2013



Figur 1, Cotswold sauen, foto J. Barane

✚ Besøk, Utveksling  
Nettverk, Vandring,  
og Forteljing

✚ Ruskin Mill Educational  
Trust,



Figur 2, Ute lunsj på Ruskin Mill, J Barane



Figur 3, Sue Reed i forteljarkjolen .



Figur 4, Studie og fagtur til Cotswold, okt, 2011, foto Nat

## **Innleiing**

Som mange veit var de engelske kunstnarar og lordar som kom å til å oppdaga Aurland på slutten av 1800 talet. Lordane såg potensiale for laksefiske i elva og jakt av reinsdyr i fjellet. På Aurlandsvangen har vi Lordahuset og i fjellet mange Lordahytter med minner og spor etter den tida. Dei eldre i bygda fortel at det var 17 mai stemning når Lordane kom, dei satt i gong leiker med borna, det var hesteskokasting og mykje anna moro. Denne forbindelsen til England vart skapt den gangen fjorden var fredseels åra ut til kontinentet. No er dei på veg tilbake og vi på besøk til dei...

## **Turgåing, strikking og forteljning - farging av den blå tråden**

Det vakre Cotswold landskapet er historisk kjent for sin gode ull kvalitet. I småbyen Nailworth har det sidan 1700 talet vert ein omfattande ull - industri i alt 12 ull møller (Mill) vart utvikla for ulik produksjon av ullstoff. I dag er det ein aktiv by med mykje lokale produkt, handverk og mat. Vi kjem til å besøkje Ruskin Mill Educational Trust som er ein utdanning stad for studentar med spesielle behov. I ein vakkert skogkledd dal, med fiskeoppdrett og gardsbruk tek studentane del i individuelle planar som er designa til den enkelte og basert på deira eigne potensiala. Sosiale og personlege ferdigheiter vert utvikla i små grupper i arbeid med handverk på verkstader eller ute i dalen. For meir informasjon sjå: [www.rmet.co.uk](http://www.rmet.co.uk).

Som de ser på bileta har mange av oss vert på studietur til Cotswold før i forbindelse med utvikling av kurset "Stadbasert entreprenørskap og læring". Denne gangen er vi på tur til Nailsworth Festivalen programmet for festivalen vert lagt ut i løpet av februar.

Besøket no er ei vidareføring av prosjektet med tittel: Turgåing, strikking og forteljning som er eit lokalsamfunns utviklingsprosjekt mellom Nailsworth og Aurland. Gjester frå Aurland er invitert til å vera med på utveksling av skrikkemønster og besøk på ulike verkstader. Vi skal møte "The Cotswold sheep" plantefarga ull med den blå Indigo fargen gå turar og høyra forteljingar.

NB! Ta med strikkepinnar, garn og mønster dei vil gjerne lære og sjå korleis vi gjer det.

I småbyen Stroud som vi kjem til med toget kan vi besøkje ein av dei største "Farmers Markets" i England (ope på laurdagen) Byen er eit alternativt sentrum for nytenking og berekraftig utvikling.

Sue Reed(tidlegare ordførar i byen) vil ta i mot oss og arrangere overnatting i ulike B&B heime hos eller på pensjonat med ulik standar/pris.

Påmelding til: [jorun@naturpedagog.no](mailto:jorun@naturpedagog.no), tlf: 97005951, innen 18. Februar, 2013

Den enkelte bestiller fly/tog billett sjølve, felles avreise søndag den 19. mai, 2013 med Norwegian kl: 09.15, Bergen- Flesland til London- Garwick. Prisen er no kr. 399,- vær tidleg ute, den stig fort! Sender link til bestilling av tog billett mellom Gatwick og Stroud etter påmelding.

Retur billett er valfri dag/dato og opp til den enkelte å bestille.



Kart og tog rute (i lilla) frå London til Stroud tek om lag 2, 5 t. (kjem ann på togskifte)

